

# SOLID START

– frå prosjekt til integrert modell

*SOLID START SYKKYLVEN er ei satsing på motorikk og fysisk aktivitet i barnehagen. Det overordna målet er at barna i Sykkylven skal ha ein helsefremjande kvardag, og eit godt fundament for læring og vidare utvikling ved skulestart. Sykkylven kommune har ca 7700 innbyggjarar. Kommunen har 5 kommunale og 4 private barnehagar.*

AV JULIANNE L. BLINDHEIM OG TONE K. GJERSRUD

KONTAKTINFORMASJON

JULIANNE L. BLINDHEIM, KOMMUNEFYSIOTERAPEUT

[JULIANNE.BLINDHEIM@SYKKYLVEN.KOMMUNE.NO](mailto:JULIANNE.BLINDHEIM@SYKKYLVEN.KOMMUNE.NO)

ANITA WESTERÅS, KOMMUNEFYSIOTERAPEUT (TILBAKE FRÅ MAI 2018)

[ANITA.WESTERAS@SYKKYLVEN.KOMMUNE.NO](mailto:ANITA.WESTERAS@SYKKYLVEN.KOMMUNE.NO)

TONE K. GJERSRUD, ERGOTERAPEUT

[TONE.KLAKKENGJERSRUD@SYKKYLVEN.KOMMUNE.NO](mailto:TONE.KLAKKENGJERSRUD@SYKKYLVEN.KOMMUNE.NO)



*Tone K. Gjersrud er ergoterapeut og Julianne L. Blindheim (vikar for Anita) og Anita Westerås (th) er kommunefysioterapeutar i Sykkylven kommune. Dei har hatt det faglege ansvaret for innhaldet i SOLID START SYKKYLVEN og ansvar for opplæring av alle barnehagetilsette i forbindelse med satsinga.*

# SYKKYLVEN

## INSPIRASJON FRÅ GAUSDAL KOMMUNE

Det heile starta hausten 2014, då styrar ved Vikedalen barnehage tilfeldig kom i kontakt med ergoterapeut i Gausdal kommune. Han fekk då nyss i det som vert kalla «Gausdalsmodellen», eit prosjekt som starta opp i 2010. Modellen vart etterkvart innført i alle barnehagane, og ein hadde oppnådd særskilde gode resultat gjennom tidleg og systematisk trening av motorikk og sanseapparat. Opplegget retta seg mot alle barn i alderen 3-5 år, og viste at universelle førebyggjande tiltak løfta heile barnegruppa, og spesielt dei borna som trengte det mest. (Masteroppgave «Øving gjør mester», Inger Stalheim Thorsen, januar 2016). I tillegg veit ein at god motorikk og sansemotorikk er viktig for læring og sosial utvikling (Fysioterapeuten (juni 2016). «Bevegelse binder all læring saman»). Dette gjorde at ein hadde lyst til å komme i gang med ei tilsvarande satsing i Sykkylven, og det vart jobba vidare med forankring og støtte heilt til topps i kommunen.

Representantar frå både administrasjon, barnehage og helse/omsorg i Sykkylven kommune reiste til Gausdal på studietur i to omgangar. Og sjølv om Gausdalsmodellen heile tida har vore inspirasjonskjelda, var det viktig at satsinga måtte tilpassast dei lokale tilhøva i Sykkylven. Vi ville ha ein eigen «Sykkylvsmodell» og innhente lærdom og kompetanse også frå andre fagmiljø enn Gausdal. På studiedagar for alle barnehagetilsette har vi blant anna hatt eksterne kurshalदारar frå motorikkenteret i Trondheim og Sherborne-foreninga.

## SOLID START I PRAKSIS

Eit av rådå frå Gausdal kommune var å ikkje breie ut satsinga til alt for mange barnehagar på ein gong, men heller prøve ut opplegget i ein pilotbarnehage det første året. Styrarnettverket til barnehagane, som var styringsgruppe for prosjektet, valte ut Vikedalen barnehage som pilotbarnehage for barnehageåret 2016/2017. Begge barnsavgdelingane ved barnehagen, ei ute- og ei inneavdeling, deltok. Prosjektet fekk namnet SOLID START SYKKYLVEN (SSS). Sentralt fokus skulle vere leik, meistring og ikkje-konkurranse.

Fysio- og ergoterapeut utarbeidde eit årshjul (etter inspirasjon frå Gausdal) og aktivitetkort til kvart månadstema. Vikedalen barnehage prøvde ut ulike aktivitetar 3 gonger i veka i om lag 30 minutt. Fysio- og ergoterapeut var jamt innom for å delta under gjennomføringa. Erfaringane frå øktene vart delt med dei andre barnehagane i kommunen, både private og kommunale, på månedlege samlingar for utvalte superbrukarar. På desse samlingane fekk alle opplæring i teorien kring dei ulike tema i årshjulet, slik at dei vart i stand til å starte opp implementering i eigen barnehage allerede frå barnehageåret 2017/2018.

Årshjulet inneheld to tema kvar månad, nokre tema går over to månader. Det vart bevisst sett av god tid til kvart tema, slik at barna skulle få høve til å prøve, feile og repeterer heilt til rørsleane var automatisert. Nokre barn trong god tid til å observere og bli trygg, før dei våga å prøve sjølve.

Dei ulike tema i årshjulet omfatta grunnleggande motoriske ferdigheiter som åling, krabbing, rulling, hopping, hinking, klåtring, kasting og griping av ball, teikning, klipping og augerørsler. Det var fokus på balanse- og koordinasjonsferdigheiter, og sansestimulering som vestibulær sans, kinstestetisk sans, taktill sans, syns- og hørselssans.

Som eit supplement til årshjulet utarbeidde fysioterapeut og ergoterapeut aktivitetskort med tips og inspirasjon til ulike aktivitetar for kvar månad i årshjulet. Dei to avdelingane stod fritt til å velje kva aktivitetar/leikar dei ville bruke, og korleis dei ville legge opp gjennomføringa på si avdeling. Fysio- og ergoterapeut var med på rettleiing rundt barn som har hatt ekstra behov for tilrettelegging slik at alle kunne delta ut i frå sine føresetnader.


Føresette fekk orientering gjennom informasjonskriv og orientering på foreldremøte. I tillegg vart det levert ut eit månadleg nyheitsbrev til heimen, som skildra månadens aktivitetar, og råd og forslag til korleis dei kunne støtte opp om barnet si motoriske utvikling heime.

For å kunne måle om tiltaket hadde effekt gjennomførte fysio- og ergoterapeut ei motorisk kartlegging av alle barna mellom 3 og 6 år i pilotbarnehagen gjennom å nytte Movement ABC-2 (MABC-2). Kartlegginga vart gjennomført heilt i starten av barnehageåret, og på nytt heilt på slutten av barnehageåret. Ein kunne då måle om barna sin motoriske kompetanse hadde betra seg i løpet av 9 månader med vekentleg gjennomføring av SSS.



## KVA HAR VI SETT HITTIL?

### Pilotgruppe 2016/2017 - før og etter intervensjon (i prosent)



Resultat etter kartlegging ved bruk av MABC-2 haust 2016 (blå søyle), samanstillt med resultat etter re-kartlegging våren 2017 (oransje søyle). Ein stor del av barnegruppa (31 barn) har bevega seg frå under eller på gjennomsnitt til over gjennomsnitt av det som er forventa av motorisk kompetanse ut frå alder.

Kartlegginga viste at ein stor del av barnegruppa flytta seg frå under eller på gjennomsnitt til over gjennomsnittet av det som er forventa av motorisk kompetanse ut i frå alder. Andelen barn som låg igjen på under gjennomsnittet hadde utfordringar som gjorde at dette var forventa. Sjølv om kartlegginga er gjort på ei lita gruppe på 31 barn, så er det svært gode resultat. Ein vonar og trur at dei same tendensane vil syne seg i dei andre barnehagane som no også er i gong med SSS i praksis. Andre tilleggs-effektar som både tilsette i barnehagen og føresette har gjeve tilbakemelding på, er at borna er tryggare på eigen kropp, tryggare på å vere nær andre, fleire vågar å utfordre seg meir motorisk, og dei som vegrar seg i starten kjem med etter kvart.

SSS harmonerer svært godt med rammeplan for barnehagen. Den nye forskrifta stiller tydelegare krav til at barna skal ha dagleg fysisk aktivitet, og at barnehagane skal fremje barna si fysiske og psykiske helse. SSS kan særleg knytast opp mot det eine av dei sju fagområda i rammeplanen, nemleg det som heiter «Kropp, rørsle, mat og helse». Her står det at barnehagen skal legge til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede. Barna skal inkludera i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå egne føresetnader. Barnehagen skal gjere barna kjende med kroppen sin slik at dei utviklar bevisstheit om egne og andre sine grenser.

(Utdanningsdirektoratet. (2017, 01.august) Rammeplan for barnehagen. Henta frå:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/fagomrader/fagomrader/kropp-bevegelse-mat-helse/>)

## SUKSESSKRITERIER OG VEGEN VIDARE

Alle ni barnehagane i Sykkylven, både kommunale og private, er no i gong med SSS. Etter pilotåret har kvar enkelt barnehage fått utdelt ein revidert fagleg «pakke» med årshjul, aktivitetskort og nyheitsbrev. Ein har også oppretta ein elektronisk idebank, der alt fagleg materiell ligg tilgjengeleg. I tillegg er idebanken ein felles plattform for deling og utveksling av erfaring barnehagane imellom. Fysio- og ergoterapeut har fast hospitering i alle barnehagane, og deltek på superbrukarsamlingar med representantar frå alle barnehagane annankvar månad. På denne måten sikrar vi eit nært samarbeid og eit kontinuerleg forbetningsarbeid.

SSS skal vere ein modell for helsefremjande og førebyggjande arbeid i barnehagane, og på sikt skal aktivitetane i årshjulet i større grad integrerast i barnehagekvardagen, både innandørs og utandørs.

Prosjektgruppa (seinare ressursgruppa) for SSS har undervegs i prosessen heilt sidan 2014 forankra prosessen politisk og administrativt. Ein har hatt brei og tydeleg støtte både ved oppstart av prosjektet, og vidare i implementeringsprosessen. For budsjettåret 2018 fekk ein nye midlar til SSS som mellom anna skal nyttast til kartlegging av ei førsteklasse våren 2018. Ved å kartlegge ei førsteklasse ved same skule om 3 år, vil ein få målt om borna som har hatt SSS i barnehagen over fleire år, har andre motoriske ferdigheiter ved overgang til skule enn dei barna som ikkje hadde dette tilbodet i barnehagen.

Ressursgruppa vil i tida framover arbeide meir med det tverrfaglege rundt metoden. Det er ynskjeleg å samarbeide om modellen med PP-tenesta, spesialpedagogane og helsestasjonen. Ein ynskjer også på sikt å arbeide inn mot skule, og om mogleg innføre modellen eller delar av denne i dei første skuletrinna. Samtidig er det viktig at SSS vert ein integrert og samordna del av dei andre kommunale satsingane for barn og unge. Dette gjeld bla. TIBIR (Tidleg innsats for barn i risiko), BTI (Betre Tverrfagleg Innsats) og Mission Possible (interkommunal satsing). Målet er at Sykkylven skal vere ei føregangskommune på tidleg innsats, og at SOLID START SYKKYLVEN skal vere eit viktig bidrag for å nå denne målsetjinga.



## ALEXANDER ER 8 ÅR OG HAR BEGRENSET BEVEGELSE I BENENE

### *Da Alexander begynte i barnehagen, kunne*

*pedagogene se at han ikke hadde så lett for å bevege seg som de andre barna.*

*Han halitet og ble fort trett i beina. Alexander begynte hos en fysioterapeut, og hun foreslo for*

*Alexanders foreldre at han skulle begynne å trene i Happy Rehab.*

Alexander har ingen diagnose, men hans korte seener i beina og trette ben har gjort at han har hatt stor gevnn av å bruke Happy Rehab. Han har brukk Happy Rehab i et år nå, og det har resultert i at han er mindre trett i beina, haller mindre og har blitt bedre til å strekke ut beina.

“Nå er han er en av de andre,” sier Alexanders mor, Silje Lansen.

Alexander trener med Happy Rehab tre ganger i uken. Han har et system stående hjemme og det gjør det lettere å få trent regelmessigt.

“Det krever mye mindre. Vi trenger ikke kjøre frem og tilbake til fysioterapeuten, men kan gjøre øvelsene hjemme,” forteller mor.

Det er gøy å trene med Happy Rehab, synes Alexander. Men da han hadde prøvd en del av spillene som var i programmet, ble det litt kjedelig å spille de samme spillene. Derfor tok Alexander saken i egne hender og viste sin fysioterapeut et spill som han

synes var veldig gøy å spille på nettet. Det har ført til at Alexander har vært med på å utvikle et nytt spill til Happy Rehab, som nå nesten er ferdig utviklet.

“Han er bare så stolt,” sier mor. Det er i høy grad med til å gi ekstra motivasjon til treningen. Selvom Alexander nå er blitt veldig stabil i beinene, så fortsetter han med å bruke Happy Rehab for å holde fremgangen ved like.



“Det krever mye mindre. Vi trenger ikke kjøre frem og tilbake til fysioterapeuten, men kan gjøre øvelsene hjemme,” forteller mor.

“Det krever mye mindre. Vi trenger ikke kjøre frem og tilbake til fysioterapeuten, men kan gjøre øvelsene hjemme,” forteller mor.



**HAPPY REHAB** har skapt et nytt paradigme innenfor rehabilitering. Det unike interaktive dynamiske stasjonssystemet bygger på interaksjon mellom brukeren og systemet, basert på den nyeste forskning innen dette feltet. Systemet kombinerer dynamisk motorisk kontroll og kognitiv trening.

**TA KONTAKT FOR MER INFORMASJON OM PRODUKTET**

T: 66 98 00 00 | [LEPOST@AID.NO](mailto:LEPOST@AID.NO) | [WWW.AID.NO](http://WWW.AID.NO)

**INNOVAID**  
INTERACTIVE REHABILITATION SOLUTIONS